



Arkivsaknr: 2025/14824-29
Sakshandsamar: Inge Andre Johannessen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på innvilga dispensasjon frå LNF- føremål, gbnr. 147/5,
Skarsvegen 476

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	03.06.2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen i frå Vestland fylkeskommune på Alver kommune sitt vedtak om dispensasjon frå LNF- føremål datert 16.03.2026, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå LNF-føremål for frådeling av ny bustadtomt på om lag 1000 m2 frå gbnr 147/5. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Påklaga vedtak	Dispensasjon, datert 16.03.2026
Tiltak:	Frådeling
Søknadstype:	Dispensasjon
Eigedom:	Gbnr. 147/5
Adresse:	Skarsvegen 476, 5911 Alversund
Tiltakshavar:	BERNT ANTON SIMONSEN
Klagar:	Vestland fylkeskommune

Vurderingstema for APM

APM må vurderer om en ønsker å ta til følge Vestland fylkeskommune sin klage på innvilga dispensasjon frå LNF- føremålet som vart gitt av Utval for areal, plan og miljø (APM) 11.03.2026.

APM kan enten gjøre om vedtaket sitt eller opprettholde det. Dersom ei gjør om vedtaket, vil det være eit nytt enkeltvedtak med klagerett for partene i saka. Dersom klagen ikkje vert tatt til følge, sendes saka til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Det er berre dispensasjonsvedtaket som blir handsama i klageomgangen.

Løyve til frådeling kan ikkje innvilgast før det ligg føre dispensasjon og løyve frå vegstyresmakt (Vestland fylkeskommune). Det ligg per i dag ikkje føre søknad til vegmynde i saka. Frådelingsaka må difor følgjast vidare opp av administrasjonen.

Ein syner elles til vurderingstema frå tidlegare klagehandsaming 11.03.2026.

Saksdokumenta er lagt ved.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har motteke klage frå fylkeskommunen 24.04.2026. Vedtaket i saka vart motteke av fylkeskommunen 14.04.2026. Det er difor på det reine at klagefristen ikkje er oversitta. Klagar har klagerett i saka.

Saka vart handsama i APM 11.03.2026 på bakgrunn av at administrasjonen avslo søknad om dispensasjon frå LNF- føremål og frådeling av grunneigedom i vedtak 11.02.2026.


APM fatta nytt vedtak i saka, sjå vedlagt saksprotokoll frå møtet.

Vestland fylkeskommune, som uttala seg negativt til å gje dispensasjon frå byggjegrænse mot veg og auka bruk av avkøyrsløp, har påklaga kommunen sitt vedtak om dispensasjon i brev datert 24.04.2026.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF- føremål.

Kart og foto



Uttale frå andre mynde

Landbruksavdelinga har ingen avgjerande innvendingar mot delinga.

Statsforvaltaren som rår i frå å gje dispensasjon, mellom anna på grunn av omsynet til barn og unge og andre mjuke trafikantar.

Vestland fylkeskommune som vegmynde er og negativ til dispensasjon. Dei syner til at infrastrukturen ikkje er god nok per i dag. Det er lang veg til skule og ei godkjenning av bustadtomt vil skape auka risiko for trafikkuhell.

Dispensasjon

Det er gjeve dispensasjon frå LNF- føremål i politisk møte 11.03.2026. Sjå vedlagt møteprotokoll.

Klagegrunnar

Klagen frå Vestland fylkeskommune er lagt ved saka i si heilskap.

KOMMUNEN SI VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden i APM 11.03.2026 og legg denne til grunn. Saksprotokollen er vedlagt.

Vurderingar av moment i klagen

Klagar argumenterer med at det ikkje skulle vore gitt dispensasjon frå arealføremålet i saka. Vurderingar knytt til pbl. § 19-2 er etter administrasjonen si vurdering ikkje noko vegmynde skal vurdere. Ein legg til grunn at klagar vil få tilstrekkeleg høve til å ivareta sektorinteresser knytt til veg og trafikkavvikling gjennom handsaming av søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot veg og søknad om auka bruk av avkøyrsløp. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye moment i dispensasjonssaka som ikkje allereie er vurdert og handsama i politisk møte 11.03.2026.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslova § 28.

- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel handsamast når det ligg føre særlege grunnar eller klagar ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslova §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeve, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen sitt utløp, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva ein ønsker endra og vere underteikna av klagar eller fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslova § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsett iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovas § 42.
- Med visse unntak har partane rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslovas § 11.
- Kommunen vil kunne gje naudsynt rettleiing for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovas § 11.
- Kommunen si frist for å førebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaka, er det høve til å krevje dekking av naudsynte og vesentlege kostnader til advokat eller utgifter til annan juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovas § 36.
- Søksmål om gyldigheita av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin moglegheit til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømming frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningslova § 27 b.

Vedlegg

- 1 Merknad frå tiltakshavar til klage fra Vestland fylkeskommune.docx
- 2 Klage frå Vestland fylkeskommune - frådeling - avkøyrse - fv. 5476 - gnr. 147 bnr. 5 - Alver kommune.pdf
- 3 Saksprotokoll Klage på avslag dispensasjon og søknad - 147/5 - Skarsvegen 476 - deling
- 4 Klage på avslag dispensasjon og søknad - 147/5 - Skarsvegen 476 - deling
- 5 Dispensasjonssøknad og delingssak gbnr. 147/5
- 6 1.Dispensasjonssøknad Gnr 147, Bnr 5 og 6.pdf
- 7 2.Søknad om oppretting endring av matrikkeleining rekvisisjon av oppmålingsforretning.pdf
- 8 Revidertklage1Til Alver kommune.docx
- 9 Avslag på søknad om dispensasjon gbnr. 147/5 -Skarsvegen 476
- 10 Uttale - dispensasjon - Alver 147_5 - Skarsvegen 476 - frådeling.pdf
- 11 Uttale - Dispensasjonssøknad - frådeling - gnr. 147 bnr. 5 - Alver kommune.pdf
- 12 Følgebrev.docx
- 13 5cSituasjonskartNHdigi.pdf
- 14 5b.karteiendom.docx
- 15 5.Situasjonskart.pdf
- 16 4.Løyve etter Jordlova.pdf